


Nytt Kroka-prosjekt til behandling

14.07.2011



Slik skal vassvegen gå i tunell heile vegen

**Uskedelingen Oddbjørn Kroka har møtt problem i sitt kraftutbyggingsprosjekt Kroka 2 i Mauranger på grunn av ein raudlista moseart i området.
Han har difor lansert eit justert prosjekt.**

Kroka går no inn for å byggja Kroka 2 inn i ein fjellhall rett ovanfor inntaket til Kroka 1 og så sleppe vatnet ut i inntaket til Kroka 1. På denne måten reduserer ein ikkje vassføringa der mosen veks.

Tidlegare vedtak om konsesjonsplikt har konkludert med at ein ikkje bør endra vassføringa i elva der det er forekomst av raudlistearta moser. NVE har no motteke den reviderte søknaden frå Kroka Energi AS om vurdering av konsesjonsplikt for bygging av Kroka 2.

Største endring i prosjektet irevidert stand er flytting av kraftstasjonen opp til kote 135 mot tidlegare kote 20, utviding av slukeevna frå 200 til 300 prosent og auke av installert effekt frå 2700 til 3000 kW.

NVE uttaler no at dei på bakgrunn av opplysningane skal avgjere om utbyggjinga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova.

Kommunen bes om å informera om kjende allmenne interesser vert påverka og eventelle andre forhold som kan ha noko å seie for prosjektet.

Fylkesmannen og fylkeskommunen skal gje den same vurderinga. Fråsegnene skal sendast in snarast og seinast innan utgongen av august.
NVE vil søkje å koordinere ei synfaring av området med fylkesmannen.

Av Ola Matti Mathisen